




**PLANOMTALE
DETALJREGULERING FOR HYDLA 4
GNR./BNR. 46/113 OG 47/43
STRYN KOMMUNE**

Utarbeidd av a-vista as

PlanID 2021002
03.02.2022





Utarbeida av / fagkyndig planleggar:	a-vista AS www.a-vista.no 6783 STRYN	Inger Langvik, 42 28 4874 inger.langvik@a-vista.no	Åse Bergset; 99 57 89 22 post@3dsmia.no
Grunneigar/ forslagsstilar:	Hydla AS, Grandevegen 4, 6783 STRYN.	Otto Vik 91 62 1287 post@hydla.no	

Plandokument	Dato	Rev.A	Rev. B	Rev. C	Rev. D
Planomtale (dette dokumentet)	4.5.2021	14.6.2021	13.12.2021	19.1.2022	3.2.2022
Føresegner	4.5.2021	14.6.2021	13.12.2021	19.1.2022	3.2.2022
Plankart, A1/1:1000	4.5.2021	14.6.2021	13.12.2021	19.1.2022	
Vedlegg 1: ROS-analyse	14.4.2021				
Vedlegg 2: Teknisk plan, del 1: Vegplan	4.5.2021				
Vedlegg 3: Teknisk plan, del 2: VA og overvatn	19.5.2021	19.11.2021			
Vedlegg 4: Kopi av referat fra oppstartsmøte					
Vedlegg 5: Kopi av oppstartvarsel, adresseliste og innspel					
Vedlegg 6: Kopi av rapport fra geoteknisk undersøking (NGI, 2017)	9.5.2017				
Vedlegg 7: Kopi av rapport fra kulturminneregistreringar (Sogn og Fjordane fylkeskommune, 2017)	26.5.2017				

REVISJON D: 3-2-2022

Planomtale: Kapittel 7: endra tekst i sjette avsnitt om møte/dialog med kommunen
Endra tekst i tråd med endring i føresegnehene

Plankart: Ingen endring

Føresegner: Endringar i teksten:
Pkt 2.2 Fritidsbustadar

REVISJON C: 19-1-2022

Planomtale: Kapittel 7: endra tekst i første avsnitt
Endra tekst i tråd med endringa i plankart (byggegrenser) og endring i føresegnehene
Endra feltnamn

Plankart: Endra byggegrenser og nye feltnamn

Føresegner: Endringar i teksten:
Pkt 2.1 Terrengtilpassing
Pkt 2.2 Fritidsbustadar

INNHOLD

1	Målet med planen.....	4
2	Om planarealet, rammer for planen og prosess.....	4
2.1	Planarealet i dag.....	4
2.2	Nærområdet.....	5
2.3	Planstatus i analyseområdet	5
2.4	Andre eksisterande utgreiingar.....	6
2.5	Føringar frå oppstartsmøtet.....	7
2.6	Eigedomsforhold.....	7
2.7	Planen sitt forhold til Forskrift om konsekvensutgreiing.....	7
2.8	Prosess og medverknad	8
3	Drøftingar som ligg til grunn for planen	8
3.1	Konklusjonar frå ROS-analysen	8
3.2	Løysingar for tilkomst til Hydla 4, og infrastruktur i feltet	9
3.2.1	tilkomst til hydla 4 frå eksisterande veg	10
3.2.2	Kryssing av skiløypa.....	10
3.2.3	Vegsystemet, snøopplag og parkering.....	11
3.2.4	Uteopphold, infrastruktur i grunnen og renovasjon.....	12
3.3	Avrenning og grønstruktur i hyttefeltet.....	13
3.4	Byggegrenser, arealutnytting	14
3.5	Estetikk og materialval	14
3.6	Universell utforming.....	15
3.7	Veg mot Tverrfjellet.....	15
3.8	Plangrense	15
3.9	Omsynssoner i planen.....	16
3.10	Arealdisponeringar i planen.....	16
4	Verknader av planen	16
4.1	Kulturminne og kulturverdiar.....	16
4.2	Friluftsliv og folkehelse	17
4.3	Born og unge, trafikktryggleik.....	17

4.4	Fjernverknad og tilpassing til landskap	17
4.5	Vassdrag og kantvegetasjon	18
4.5.1	Forureining av bekkar.....	18
4.6	landbruk og beiterettar	18
4.7	Verknader for næringslivet	18
4.8	Naturmangfald	18
4.8.1	Naturmangfaldlova §§8 – 12	19
4.9	Klima og miljø, FNs bærekraftmål	19
5	Planen sitt forhold til føringar og innspel	20
5.1	Kommunedelplan og eldre område- og reguleringsplanar	20
5.2	Føringar frå kommunen	20
5.3	Planen sitt forhold til innspel.....	20
6	Sluttkommentar	23
7	Prosess etter høyningsfrist	24
7.1	Synfaring.....	24
7.2	Møte med Hytteeigarforeininga.....	25
7.3	Synfaring med Hydlavegen 70.....	25
7.4	Generelle punkt i planframleggset som kommunen ønskjer utbetringar på.....	25
7.5	Innkomne merknadar, del 1	26
7.6	Innkomne merknadar, del 2.....	31
7.7	Avbøtande tiltak	35

1 MÅLET MED PLANEN

Hydla hyttegrend er eit hyttefelt på Hydlamyrene ved Stryn skisenter i Stryn kommune. Første del av feltet vart regulert i 2008. Den delen av feltet kallar vi Hydla 1. Deretter vart Hydla 2 regulert i 2010 og Hydla 3 i 2016. Denne planen er ein del av Hydla Hyttegrend og vert kalla Hydla 4.

Så å seie alle tomtene i Hydla Hyttegrend er nå selde og dei fleste er utbygde. Det er behov for fleire hyttetomter i området for å dekke etterspørselen etter fritidseigedomar og på same tid syte for lokal verdiskaping.

Stryn kommune har blitt ein stor hyttekommune og Hydla hyttegrend er utvikla i tråd med kommunedelplanen for området.

2 OM PLANAREALET, RAMMER FOR PLANEN OG PROSESS


A-vista har utarbeidd planen på vegne av Hydla AS.

2.1 PLANAREALET I DAG

Planområdet si plassering er vist på figurar under, med eit omfang på 161 088 m². Den kommunale vegen, Setrevegen, går frå Stryn sentrum til skisenteret. Hydlavegen går vestover frå skisenteret til hyttefelta Hydla 1, Hydla 2 og Hydla 3. Kyrkjearåsa, -ein eldre kløvveg/rås med historisk verdi, går gjennom planområdet.



Figur 1 viser planområdet nord for Stryn sentrum. (Kjelde: Statkart).



Figur 2 viser planområdet vest for Stryn vinterskisenter, og sør for Hydla 1. (Kjelde: Statkart)

Hydla 4 ligg mellom 300-375 moh, i skogs-mark med barskog. Terrenget er litt skålforma, og hellande mot aust, med ei stigning på (grov rekna) 15 %. Grunnen består av skrint vegetasjonsdekke på fjell, med grunne myrar inn i mellom.

2.2 NÆROMRÅDET

Hydla 4 ligg like sør og aust for eksisterande hyttefelt, Hydla 1, 2 og 3. Det er hyttefelt på Tverrfjellet (i vest) og i nord/ aust for Vikaelva. Det er om lag 700 meter i luftlinje til skisenteret. Om lag 250 meter aust for Hydla 4, ved Vikaelva, ligg Hydla klatrepark, med sørvisbygg, og kafeteria. Vassforsyninga til Stryn sentrum ligg om lag 200 meter aust for Hydla 4. Det går ei ski-/turløype mellom Hydla 1 og Hydla 4, (mot Ullsheim). Kyrkjeråsa delar utbyggingsområdet i Hydla 4 to delar og i aust grensar planområdet til ein skogsveg som blir nytta til lysløype om vinteren.

2.3 PLANSTATUS I ANALYSEOMRÅDET

Figur 8, viser utsnitt av gjeldande **Kommunedelplan for Bøasetra - Ullsheim** frå 2013 (2013KP01, heretter KDP).



Figur 3 viser flyfoto av utbyggingsområda frå KDP. (Kjelde: <https://kommunekart.com>).





Fig. 4 viser gjeldande KDP, og planområdet (grovtt) /F014 og F015 med raud strek. (<https://kommunekart.com>)

Hydla 4 er avsett til *fritidsbusetnad, framtidig* (F014 og F015) i KDP, men med ein LNF-korridor mellom utbyggingsområda, der Kyrkjeråsa går. Råsa er i tillegg dekka av omsynssone (H570, *bevaring kulturmiljø*). Det er også vist omsynssone (H570) kring setrane like aust for planområdet. KDP viser tilkomst til Hydla 4 som raud (tynn) strek på figur 4 over.

På figur 5 under, er gjeldande reguleringsplanar i og rundt planområdet vist. Like aust for Hydla 4 ligg reguleringsplan for Hydla klatrepark (2017001).



Figur 5 viser gjeldande reguleringsplanar i nærområdet til Hydla 4. Hydla 1 er regulert, men kom ikke opp med farge i innsynsløysinga. (Kjelde: <https://kommunekart.com>)

Nord for Hydla 4 ligg Hydla 1. Dette er den første reguleringsplanen som vart utarbeidd i området og den heiter derfor Hydla Hyttegrend (PlanID 2008009). I dette dokumentet kallar vi den for Hydla 1. Vest for Hydla 4, ligg reguleringsplanane for Hydla 2 og 3 (PlanID 20100011/2014003 og 2016010). Turvegnettet i nærområdet regulert i *Områderegulering for Tonningleirane – Ullsheim sti- og løypenett* (PlanID 2013004).

Den framtidige reguleringsplanen for Hydla 4, overlappar Hydla 3 litt i vest, og Hydla 1 og 2 i nord, der tilkomsten til Hydla 4 skal knytast til eksisterande tilkomstveg.

2.4 ANDRE EKSISTERANDE UTGREIINGAR

NGI har gjennomført ei skred- og flaumfarevurdering i området i 2017, og konkluderer med at området er trygt, dersom det vert teke omsyn til lokale skrentar, og utført vedlikehald på grøfter og drenerør.

Fylkeskommunen har gjennomført kulturminneregistreringar i 2017 innanfor Hydla 3, langs Kyrkjeråsa og delvis inn på Hydla 4, utan at det er gjort funn som er problematiske for planlagt utbygging av hytter i området. Sakshandsamar i Fylkeskommunen har konkludert med at det ikkje er behov for ytterlegare utgreiing på dette feltet.

Det er starta opp arbeid med ein reguleringsplan for Tindegrenda, nord for Hydla 1 og 2.

Utgreiing av eit eventuelt vegsamband mellom skisenteret og Tverrfjellet er starta opp. Grunneigar i Hydla 4 har stilt seg positiv til at ein eventuell veg kan krysse hans eigedom. I så fall vil vegen kome inn på planarealet til Hydla 4 lengst i sør.

Turvegen mellom Hol og Hydla (aust for Vikaelva) er definert som eit *viktig friluftsområde* i kommunen si friluftskartlegging, og turvegar rundt det framtidige hyttefeltet er også statleg sikra friluftsområde (Tonningleirane – Ullsheim).

I Miljødirektoratet sin kartbase (Naturbase) er den nordlegaste bekken gjennom Hydla 4 vist med flaumfare. Det er angitt radonfare i feltet. Det er ikkje viste registreringar av sjeldne artar eller Svartelista artar innanfor (eller nær) området i Naturbase.

2.5 FØRINGAR FRÅ OPPSTARTSMØTET

I KDP er det vist tilkomst til feltet frå området like vest for klatreparken (sjå raud tynn strek på figur 4). Dette er rettleiande og ikkje bindande for plassering av tilkomstvegen.

Sidan KDP vart utarbeidd har det blitt etablert ein klatrepark og ein gapahuk til bruk for ålmenta i dette området. Ein eventuell tilkomst her må krysse under ski-/turløypa til Ullsheim, samtidig som lysløype og turveg kjem inn i same område. Med tanke på at dette vert eit knutepunkt for turløypene, rasteplassen og klatreparken (klatretårnet) og dermed eit uteoppphaldsareal, passar det dårleg å legge ein ny bilveg/tilkomst her.

Forslagsstillar foreslår derfor å knyte Hydla 4 til eksisterande veg *mellom* Hydla 1 og 2 (sjå figur 5). Kommunen har stilt krav om at tilkomstvegen til Hydla 4 skal gå *under* ski-/turløypa mot Ullsheim, og dimensjonerast for brannbil/sjukebil.

Kommunen ber om at planen skal følgje opp hovudtrekka i overordna KDP og områdereguleringar. Vidare må planen ta omsyn til eventuell framtidig veg mot Tverrfjellet, og elles vise løysingar angåande til dømes beiterettar, omsyn til biologisk mangfald, friluftsliv, trafikksikkerheit, flaumfare samt born og unge. Det vert lagt vekt på at planen skal ta omsyn til kulturverdiane i, og nær, planområdet, og spesielt Kyrkjearåsa.

2.6 EIGEDOMSFORHOLD

Planen ligg i innanfor gnr./bnr. 46/113 og 47/55. Forslagsstillar eig alt areal som inngår i planen. Mot Nord grensar planen til gnr./bnr. 46/104 (Hydla 1). Grensa mot Vinsrygg i sør/vest (gnr./bnr. 47/43) er påvist vinteren 2021, og planen er avgrensa mot denne. Lengst i sør/aust grensar planen mot gnr./bnr. 46/2. Mot Hydla 3, ligg plangrensa inn til 2 selde hyttetomter med gnr. 46, bnr. 289 og 301.

2.7 PLANEN SITT FORHOLD TIL FORSKRIFT OM KONSEKVENSUTGREIING

Planen skal utarbeidast i samsvar med kommuneplanen for området, og er utgreia tidlegare. Dermed er det ikkje krav om KU i Forskrift om konsekvensutgreiing, §6 eller §8. Planen er difor utarbeidd utan konsekvensutgreiing, planprogram eller melding.

2.8 PROSESS OG MEDVERKNAD

Det vart sendt ut varsel om oppstart av planarbeidet til relevante instansar og naboar, den 5. februar 2021 med tilbakemeldingsfrist 10. mars 2021. Planarbeidet vart annonsert i Fjordingen og på Stryn kommune si heimeside. Kopi av oppstartvarsel, adresseliste og innspel er vedlagt planen, og planen sitt forhold til innspela er kommentert i kapittel 6.2 i dette dokumentet.

Forslagsstillar har vore i kontakt med Bergsida grunneigarlag med tanke på å få til eit vegsamband mellom Skisenteret og hytteområdet på Tverrfjellet. Det har resultert i at grunneigarlaget har utarbeidd eit forslag til veg.

Det vart gjennomført dialogmøte med kommunen 24. mars. 2021. Der ytra kommunen at dei ikkje ønskjer at ein eventuell veg mot Tverrfjellet skulle visast i planen, men at området der vegen eventuelt kan kome, burde regulerast til LNF. Vidare bad dei om at det vart regulert areal for ein sti i retning klatreparken og gapahuken/rasteplassen.

3 DRØFTINGAR SOM LIGG TIL GRUNN FOR PLANEN

I dette kapittelet drøfter vi kjende data, aktuelle problemstillingar, og beste løysing for planen, og eventuelle bøtande tiltak og føresegner.

3.1 KONKLUSJONAR FRÅ ROS-ANALYSEN

Ros-analysen (sjå vedlegg 1) konkluderer med at utbygginga ikkje medfører risiko for liv eller helse innanfor området eller for andre samfunnsfunksjonar. Men planen påverkar i ein viss grad *friluftsinteressene og historiske verdiar*. ROS-analysen listar forslag til bøtande tiltak, som sikrar at reguleringsplanen kan realiserast med «ufarlege» og «mindre alvorlege» endringar i rekreasjonsverdiane og dei historiske (/kulturelle) verdiane:

- Vegen over Kyrkjeraåsa må leggast «i terrenget», slik at ein unngår skyting/stor fylling i kryssingspunktet. Grøfter/veganlegget må jamnast ut, slik at det blir ein naturleg passasje (for gåande på Kyrkjeraåsa) over vegen gjennom feltet. Omsynsssonar frå KDP må vidareførast i reguleringsplanen, med forbod mot inngrep i terrenget, -bortsett frå vegkryssing av Kyrkjeraåsa. Kryssinga er i tråd med KDP.
- Tilkomstvegen må tilpassast lysløypa og terrenget på ein god måte, slik at rekreasjonsverdiane ikkje blir vesentleg reduserte. Dette inneber at fyllingane rundt kulverten under lysløypa må jamnast til, og dekkast med torv, slik at konstruksjonen ligg godt i terrenget, og konstruksjonen blir minst mogeleg synleg.


ROS-analysen lista generelle krav som av erfaring bør stillast til anleggsarbeidet:

- Det bør stillast krav om vask og desinfisering av anleggsutstyr før anleggsarbeidet startar.
- Det bør stillast generelle krav til anleggsarbeidet, ang. støy, støv og sikring av anleggsområda.

- Dersom det vert oppdaget automatisk freda kulturminne under arbeid i hyttefeltet, må arbeidet stansast i den utstrekning det kan berøre kulturminnet. Melding skal med det same sendast til Vestland Fylkeskommune, jf. Lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne §8 andre ledd.

Løysingar i planen

Teknisk plan viser veg som ligg «i terrenget» der tilkomstvegen kryssar Kyrkjeråsa, ved profil 350, som vist i figur 6. I tillegg stiller føresegne krav om bruk av torv på sideanlegga til vegen (som ligg i eit høgbrekke akkurat i råsa). Dette gjer at gåande på Kyrkjeråsa enkelt kan krysse vegen, og at vegen glir godt inn i eksisterande terrenget over råsa.




Figur 6 viser tverrprofil for vegen der den kryssar Kyrkjeråsa

Vidare beskriv ROS-analysen at kulverten under lysløypa må ha god terrengtilpassing.. Bakgrunnen for plassering av avkjørsela (mellan Hydla 1 og Hydla 2), og terrenghøgda på kulverten, er omtalt i kapittel 3.2 under. Føresegne stiller krav om at arrondert terreng skal plastrast med torv. Forsлага til generelle føresegner i ROS-analysen er inkludert i planen. Desse bidreg til å hindre spreiing av Svartelista plantar eller inngrep som skadar automatisk freda kulturminne.

3.2 LØYSINGAR FOR TILKOMST TIL HYDLA 4, OG INFRASTRUKTUR I FELTET

I KDP var tilkomstvegen til utbyggingsområdet (F014 og F015 på fig. 4) vist med avkjørsle frå området like vest for Hydla klatrepark (sjå svart stipla linje på figur under).



Figur 7 viser tilkomst til Hydla 4 i KDP som Vart stipla linje, over planforslaget.

Den løysinga som KDP viser vil versta svært skjemmande. Her møtast køyreveg, ski- og turløype/lysløype/skogsveg. Det er ein gapahuk med utsikt til klatreparken og tilkomst til klatretårnet i same område. KDP var utarbeidd før klatreparken vart etablert. I tillegg er rasteplass med gapahuk og grillplass opparbeidd i ettertid. Rasteplassen ligg i eit knutepunkt for turvegane.

Hovudvegen gjennom Hydlafeltet går også nær rastepllassen, og det blir vanskeleg å få lagt vegen under ski- og turløypa.

Forslagsstiller ønskjer difor å knyte Hydla 4 til eksisterende hovudveg mellom Hydla 1 og Hydla 2, for å «verne» den etablerte rasteplassen, redusere trafikk ved klatreparken. Vegen kan då leggast i skrålid, med betre terrengetilpassing inn mot kulverten.

3.2.1 TILKOMST TIL HYDLA 4 FRÅ EKSISTERANDE VEG

Som nemnt tidlegare, er tilkomsten til Hydla 4 flytta i forhold til der den er vist i KDP.


Eksisterande veg mellom Hydla 1 og 2 er opparbeidd litt utanom regulert vegareal i planane for Hydla 1 og 2. Denne planen viser tilknyting til *opparbeidd* veg, og regulerer vegarealet breitt nok, til at det «treff» med tidlegare regulert areal. På grunn av bratt terrenget i avkøyrsela, -og dermed større

fyllinger, har vi også vist anna vegareal – grøntareal fram mot kulverten. Avkøyrsela fra vegen til Hydla 2 ligg i eit søkk, og vegen mot Hydla 4 følgjer terrenget med størst mogeleg avstand til tomtene i Hydla 1, og også med tanke på å unngå eksisterande grov mellom Hydla 1 og 2.



Figur 8 viser utsnitt av tilknytinga mot Hydla 1 og 2.

planlagd (sjå teknisk plan). Vegen må ha god høgde over bekken nord i Hydla 4. Kulverten skal ha bredde på 4 meter, og fri høgde for brannbil på 4,3 meter. I tillegg skal kulverten ha «krage» 3 meter ut på kvar side under skiløypa (sjå figur under). Utforming og arrondering kring kulverten er omtalt i kapittel 3.1.



Figur 9 viser lengdeprofil for lysløypa over kulvert, og prinsipp for kulvert.

Løysinga resulterer i at skiløypa med vertikalradius på 100, får ein bakke opp på kulverten frå begge kantar. Frå vest er det slak stigning på omlag 5%, og aust for kulverten blir fallet på 13 %. Kulverten er regulert til «Annan veggrunn -teknisk infrastruktur».


3.2.3 VEGSYSTEMET, SNØOPPLAG OG PARKERING

Veg 1 og 5 er hovudvegane i feltet og har regulert vegbreidde på 7 m. Dei skal opparbeidast med vegbreidde 5,5 m (skulder 0,5 + køyrebane 4,5 + skulder 0,5). Asfaltert vegbreidde skal være 5 m.

Veg 2-4 og 6-9 regulert vegbreidde på 6 m. Dei skal opparbeidast med 5 m vegbreidde (skulder 0,5 + køyrebane 4 + skulder 0,5). Asfaltert vegbreidde skal være 4,5 m.

Vegane skal utformast i tråd med normalprofilet nedanfor:

Normalprofil, hovudveg og sidevegar



Veg 1 i profil 570 og 580 har relativt store fyllingsutslag som går ned mot tomt 185. Terrenget nedanfor fyllinga er relativt bratt og det kan være fare for stor skade ved ein eventuell utforkøyring. Det vil bli etablert rekkverk eller mur langs vegen, for å unngå utforkøyring.

Fyllingsskråninga skal være 1:1,5 eller slakare. Dersom terrenget nedafor er brattare enn 1:3 skal det lagast ein fyllingssåle for å hindre utgliding. Utførast i tråd med Vegvesenets Håndbok V221.

Gjennom kulverten er vegen smala inn til 4 meters breidde. Vedlagt teknisk plan viser detaljane i eit veggssystem som følgjer terrenget godt, og maksimal stigning på omlag 10%. Minimum horisontalradius på vegane er 40 meter, -med nokre få unnatak, der terrenget krev skarpere kurver. Minimum vertikalradius er sett til 150 for å få lagt vegen godt i terrenget. Radius i avkøyrslar / kryss er 8 meter.

Planen legg opp til at det skal parkerast på tomtene, og snuast i avkøyrslar til tomtene. Det er vist snuhammar på dei lengste stikkvegane, og rundkøyring i enden på hovudvegen for å sikre god logistikk i anleggsperioden. Planen viser også areal til snøopplag på strategiske punkt.



Fyllingar og skjeringar går fram av vegplanen for feltet. Fyllingane/skjeringane kan gå inn på tomtane. Kjøparane vert gjort merksame på dette i kjøpekontrakta.

KDP la opp til at Hydla 3 skulle ha tilkomst via Hydla 4, men, av ulike grunnar, har Hydla 3 etablert tilkomst via Hydla 2. I denne planen er det vist ein (forlenga) stikkveg frå Hydla 3, som skal vere tilkomst til 2 tomter (FB 13) i Hydla 4. Dette er gjort pga. topografien og eit ønskje om å få vegar med god terrengtilpassing.

3.2.4 UTEOPPHALD, INFRASTRUKTUR I GRUNNEN OG RENOVASJON

Tomtene i feltet er plasserte rundt felles uteområde (UTE), slik at dei framtidige hytteeigarane kan etablere felles leikeplassar og møteplassar.

Teknisk infrastruktur i grunnen går langs vegane, på grøntområda eller i tomtegrensene. Kommunale leidningar ligg i grensa til feltet i aust. Vedlagt VA-plan viser løysingar for vatn og avløpsgrøfter, tilknyting til kommunale leidningar, samt plan for handtering av overvatn. Det er stilt rekkefølgjekrav om at tilknyting til kommunalt anlegg skal vere etablert, før bruksløyve vert gjeve.

Spillvatn frå Hydla 4 skal gå til ein slamavskiljar lengst aust i feltet og deretter i ein ca 200 m spillvassledning fram til kommunalt anlegg. VA-planen viser tilkopling til kommunalt anlegg.

Det er planlagd nye trafoar i Hydla 4 som skal knytast til eks. trafo i Hydla 1. Det vert lagt til rette for fiberkabel i feltet. Planen viser areal for renovasjon (RA) ved tilkomstveg nordvest i feltet, i starten på vegen inn i feltet, og snuhammar lengst nord i feltet.

3.3 AVRENNING OG GRØNSTRUKTUR I HYTTEFELTET

NVE har definert den nordlegaste bekken i feltet som potensielt flaumområde. (Miljødirektoratet si innsynsløysing, Naturbase). Registreringa er gjort i 2009, og «flaumbekken» (sjå figur under), kjem frå Hydla 2, som ligg nord for Hydla 4 og høgare i terrenget. Denne bekken er plastra (etter 2009) gjennom Hydla 2, og det er etablert grøft på nordsida av skiløypa, som leiar vatnet i bekken ut i Vikaelva, -og

altså utanfor Hydla 4. Men det kjem ein liten bekk frå vest, (mellan Hydla 2 og Hydla 3), som har litt vassføring på våren, om hausten, og elles ved mykje nedbør.




Fig. 10. I Naturbase-kartet er den nordlege bekken vist med flaumsone (NVE, 2009)

Terrenget har ei grov helling på 15 % austover. Grøftene langs vegane i lag med terrenghformasjonane, leiar vatnet i feltet ut i dei to bekkefara gjennom feltet. Feltet har derfor eit svært lite nedbørsfelt, og eventuelt styrtegn vil bli leia austover utan nemneverdig risiko for utgraving. Då føreset vi at stikkrennene blir reinska med jamne mellomrom som påpeika i NGI sin rapport (vedlagt).

I Hydla 1, 2 og 3 er bekkar plastrar med stein der dette har vore naudsynt for å unngå erosjon. Grøfter og drenerør er utforma med tanke på å styre overvatn i felta inn mot bekkane. Forslagsstilar (=grunneigar og tiltakshavar) ønskjer å vidareføre metodane frå tidlegare utbygde felt. Bekkane er viktige miljøfaktorar som hevar kvaliteten i feltet, og dermed verdien på tomtene., og det er derfor ein fordel at det renn vatn i dei. Samtidig får ein kontroll på overvatnet. Terrenget i Hydla 4 er tørrare enn i dei eksisterande hyttefelta, med tynt vegetasjonsdekke over fjell, og grunne myrar. Grøftene langs vegane vil også føre overvatn til bekkane i feltet. I heile Hydla hyttegrend er det krav om torvtak, som bidrag til å hindre flaum. Torvtak vil binde store delar av nedbøren som kjem på taket i motsetning til ein «tett flate» som takstein, shingel eller liknande.

Vedlagde Teknisk plan viser detaljane i planen for avrenning. I tillegg er det stilt krav om torvtak i føresegnene.

Konsekvensar for planen

Buffersonene mellom hyttetomtene og eldre reguleringsplanar er viste som *Turdrag* (som i eldre områderegulering) i denne planen. Kyrkjeråsa er regulert til FL-område, og vist med omsynssone (sjå kapittel 3.8). Eksisterande bekkar gjennom Hydla 4 er regulerte til grøntområde (FL eller uteoppfald), og bekkane skal plastrast med stein der vassvegen er «utflytande». I tillegg er det krav om torvtak på alle hytter. (Sjå også kapittel om overvatn). I innspel til planen vart forslagsstilar oppmoda om å spare den fine furuskogen i området. Grunneigar støttar dette synet og berre naudsynt uttynning av skogen vil bli utført.

3.4 BYGGEgrenser, AREALUTNYTTING

Tomtene er plasserte med tanke på å ha ei flate å plassere hytta på, og ei akseptabel avkøyrsle til tomta, samt best mogleg terrengtilpassing. Storleiken varierer i hovedsak mellom 1 og 1,5 daa, men med nokre få større tomter, på grunn av terrengformasjonar. Planen viser byggegrenser med 4 meter avstand til eideomsgrenser og regulert vegareal.

3.5 ESTETIKK OG MATERIALVAL

Hydla AS har opparbeidd erfaring frå tidlegare felt, og ønskjer følgjande krav til estetikk og terrengtilpassing på tomtene:

- Ved søknad om bygging på den enkelte tomt, skal situasjonsplanen vise bygningen med murar og eventuelle andre inngrep i terrenget. Byggesøknad skal innehalde terrengsnitt og situasjonskart som viser den totale disposisjonen, planering og utnytting av tomta, samt gjelder.
- Byggegrense er vist på planen. Hyttene kan ha storleik inntil 25 % BRA pr. tomt, inklusiv parkeringsareal. Mønehøgde målt frå overkant golv i 1. etasje kan vere maksimalt 6,5 meter. Det kan byggast underetasje/kjellar. Ingen gavlvegg skal være høgare enn 6,5 m frå overkant golv, nedste plan til møne.
- Garasje er inkludert i bruksarealet. Frittståande garasje kan ha mønehøgde inntil 4 meter og grunnflate inntil 50 m². Bygningen skal gjevast ei utforming som passar til hytta. Frittståande garasje kan plasserast med ein avstand til tomtegrense mot veg på 2 meter og inntil 1 meter frå grense mot nabo.
- Utforming av hytte og tomt skal tilpassast terrenget i størst mogleg grad. Det skal ikkje byggast murar med høgde over 1 meter, etablerast skjeringar med høgde over 1,5 meter på tomta eller fyllingar med høgde over 2 m.
- Inntil 120 m² av tomta inkludert terrasse kan gjerdast inn. Utforming av gjerdet skal stå i stil med hyttene. Det er ikkje tillate med nettinggjerde. På kvar tomt skal det opparbeidast minimum 2 oppstillingsplassar for bil, inkludert plassar i ein eventuell garasje.
- Hyttene skal ha saltak med torvtekking. Hyttene skal byggast i tre (over terrenget). Fasadane skal målast i brun, mørk brun eller mørk/grå/svarte fargetonar, slik at dei vert minst mogeleg synlege i terrenget. Fasadane kan ha enkelte felt kledd med fasadestein.
- Innanfor uteophald (UTE)- i planen kan grunneigarane ifeltet opparbeide leikeplassar, møteplassar, grillplassar ol etter avtale med grunneigar.
- Eksisterande vegetasjon skal i størst mogeleg grad vernast mot inngrep, og kan ikkje fjernast utan godkjenning frå grunneigar.

I tillegg vil denne planen inkludere krav angående skjerming av uteleys på tomtene for å redusere lysforureininga, samt handtering av overvatn.



Fig 11. Foto frå Hydla 1, som viser terrengtilpassing, materialbruk og plastra bekk (Kjelde: www.hydla.no).

Med nemnde føresegner vil Hydla 4 få same gode terrengtilpassing på tomtene, og moderate fjernverknad som Hydla 1, 2 og 3.

3.6 UNIVERSELL UTFORMING

Teknisk forskrift stiller ikkje krav til universell utforming for fritidsbustadar. Det vert likevel tilstreba god tilgjengelegheit på tomtene og hyttene.


3.7 VEG MOT TVERRFJELLET

I oppstartmøtet, og i innspel til planen vart det etterspurt tilpassing til framtidig, ny veg mot Tverrfjellet. I møte med kommunen 24. mars 2021, ytra kommunen at arealet der det eventuelt kjem ein veg, kunne regulerast til FL-område i denne planen, for så å omregulere delar av dette seinare, når eventuelt traseen til Tverrfjellet er fastlagt. Planen viser to stikkvegar ut i LNF-området, med tanke på fleksibilitet for eventuell framtidig tilknyting til vegen mot Tverrfjellet.

3.8 PLANGRENSE

Planen er avgrensa mot eksisterande planar der dei er nær. Mot Hydla 3 er det vist litt overlapping, sidan delar av (tomtearealet i) Hydla 4 var regulert til LNF i tidlegare plan. 2 av tomtene i Hydla 4, får tilkomst frå (forlenga) stikkveg i Hydla 3.

Plangrensa er lagt inn på Hydla 1 og Hydla 2-planen for å ta med tilkomsten til eksisterande hovudveg inn i hyttegrenda. På figuren under er plangrensene til eksisterande reguleringsplanar viste med blå stipla linje. (Plan ID for eldre planar er lista i kapittel 2.3). Planen sitt areal er på totalt 161 703 m².



Figur 12 viser plangrense (Vart) i lag med nærliggande planar (blå stipla linje). regulert vegareal.

3.9 OMSYNSSONER

I

PLANEN

Planen viderefører omsynssone som i KDP, med omsyn 570 Bevaring kulturmiljø kring Kyrkjeråsa. Det er 50 -sone i Hydla hyttegrend, og ÅDT under 50. Dermed skal det vere (L1) 20 m x (L2) 3 meter frisiktsone (140 frisikt) i avkjøyrslene innanfor planen (*Statens vegvesen sin vegnormal N100, 2019*). Dette resulterer i 8 svært små flater, utanom

3.10 AREALDISPONERINGAR I PLANEN

I tabellen under, er arealdisponeringane i planen lista. Sjå også vedlagt plankart.

Planformål	Feltnavn	Areal (m ²)
Fritidsbustadar	p_FB 1 til 18	81 716
Renovasjonsanlegg	RA	60
Uteoppthal	UTE 1til 7	7 893
Snøopplag	ASB 1-5	1 420
Veg	V 1 til 4	14 396
Annan veggrunn, grøntareal	AVG 1 til 9	7 532
Annan veggrunn, teknisk anlegg	AVT	78
Parkerig	P	254
Blå/grøn struktur	BG 1-3	3 678
Turdrag	TD 1 og 2	7 486
Friluftsføremål	FL 1 til 7	37 190
Totalt		161 703

Fig. 13: Tabell som viser arealdisponeringa i planen sortert etter formål.

4 VERKNADER AV PLANEN

Vidare i dokumentet drøfter vi verknader ei realisering av planen vil ha for samfunn og miljø.

4.1 KULTURMINNE OG KULTURVERDIAR

Som nemnt har Fylkeskommunen gjennomført kartlegging i området i 2017. Registreringa konkluderte slik (samandrag s 2 i vedlegg 7): I samband med kulturminneregistreringa av Hydla3 vart

det ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne eller indikasjonar på slike. Planområdet vart undersøkt ved overflateregistrering, der det primært vart leita etter utmarks-kulturminne frå jarnalderen.

I denne planen er Kyrkjeråsa regulert til friluftsføremål (FL), og vist med omsynssone (570), *Bevaring kulturmiljø*, med same omfang som i KDP. Tilkomstvegen gjennom feltet kryssar Kyrkjeråsa på ein omsynsfull måte i samsvar med forslag til bøtande tiltak i ROS-analysen, og med minimale terrenginngrep.

På grunn av skogen i området, vil ein ikkje ha sikt til feltet frå dei nærliggande setrane. Føresegne stiller krav om stans i arbeidet, og varsling av kulturminnemynde ved (eventuelle) funn av eventuelle automatisk freda kulturminne, og planen kan gjennomførast utan risiko med tanke på kulturhistoriske verdiar. Føresegne forbyr andre inngrep i området langs Kyrkjeråsa enn vegkryssing på eitt punkt, og vi meiner at verknadane for kulturverdiane derfor er svært små.

4.2 FRILUFTSLIV OG FOLKEHELSE

Turvegen mellom Hol og Hydla er definert som eit *viktig friluftsområde* i kommunen si friluftskartlegging, og turvegar rundt det framtidige hyttefeltet er også statleg sikra friluftsområde (Tonningleirane – Ullsheim). Planen viser omsynsfull kryssing av ski-/ turløypa mot Ullsheim, slik at rekreasjonsinteressene blir lite påverka. Planen viser eit hyttefelt som er fragmentert av turkorridorar som skal vere opne for ålmenta. Hyttene langs ski-/turløypa ligg lågt i terrenget (i forhold til turløypa), og turgåarane vil sjå ned på torvtaket. Hyttefeltet vil i liten grad påverke friluftsinteressene.

4.3 BORN OG UNGE, TRAFIKKTRYGGLEIK

Born og unge har Vært gode forhold i hyttefelta rundt skisenteret, med klatrepark, skisenter, turvegar/skiløyper, og store skogområde. Hyttefeltet har korridorar med grøntareal, og areal til felles uteopphold, der tomteeigarane i Hydla Hyttegrend kan opparbeide leikeplassar. Vegane i feltet har 50-sone, og er oversiktlege. Hytteforeininga har sett opp skilt som oppmodar til fartsgrense 30 km/t, men vegane er dimensjonert for 50. Planen vil ikkje påverke barn og unge sine interesser negativt, men planen legg til rette for at born og unge skal ha det trygt og godt i feltet.

4.4 FJERNVERKNAD OG TILPASSING TIL LANDSKAP

Hyttefelta ved Vinterskisenteret har sikt mot Hydla Hyttegrend. Hydla 4 er planlagt med utgangspunkt i at vegane skal tilpassast terrenget, med minst mogleg skjering og fylling. Dermed kan også tilkomsten inn på tomtene opparbeidast på ein terrengrilpassa måte, med minst mogleg arrondering. I Hydla Hyttegrend er det krav om torvtak og fyllingar vert tildekkja med torv frå området. Når det i tillegg vert lite sprenging i terrenget, vert heilheita «naturleg», og glir godt inn i terrenget sett frå nabofelta.

Føresegne stiller krav til bruk av ulykkeslys. Det er ikkje høve til å ha veglys eller lys på fellesområde. Lys på hyttene skal vere skjerma og lyse nedover for å redusere lysforureininga frå/i feltet.

4.5 VASSDRAG OG KANTVEGETASJON

I Hydla Hyttegrend er det to hovudvassårar. Dei er lagt i grøntområda: Den eine går mellom Hydla 1 og Hydla 4, mens den andre går frå Hydla 2 og inn i Hydla 4. Den grova som går inn i Hydla 4 er lagt i grøntområde/FL og skal plastrast der det er nødvendig for å unngå erosjon. Det vert utført på same måte som elles i hyttegrenda. Bekkane er regulerte til friluftsføremål eller uteopphold, for å skape blågrøn struktur i feltet, og for å få bufferområde mellom tomtene. Desse blågrøne korridorane vil og fungere som snarvegar/turdrag gjennom feltet for turgåarane på turvegnettet rundt hyttefeltet og som korridørar ut til turvegnettet, for dei som har hytte i feltet. Grøntområda bidreg også til å skape leveområde og korridørar for dyr, insekt, fuglar og plantar.

4.5.1 FORUREINING AV BEKKAR

Feltet skal knytast til offentleg avløp og overvatn, og det er difor liten fare for forureining av bekkane. I samband med sprenging i anleggsperioden *kan mindre* forureining av bekkane skje. Sprenging kan medføre avrenning av nitrogen, slam og uorganiske partiklar til bekkane og dette kan skade akvatiske dyr og plantar. Men det vil være avgrensa med arbeid i direkte tilknyting til bekkane. Den bekken som har mest vassføring, har to kryssingspunkt med veg, elles ligg den i eit «grønt belte» sett av til friluftsføremål. Som tidlegare nemnd, er det svært lite vassføring i bekkane i feltet, og det skal ikkje utførast sprenging i/langs desse vassdraga.

Vegane i feltet er godt tilpassa terrenget med små fyllings- og skjeringsutslag. Grøftene til teknisk infrastruktur må ligge djupt i terrenget, og medfører behov for litt sprenging. Overdekking ved sprenging vil redusere spreieing av støv m.m., og vesentleg utslepp til bekkane.

4.6 LANDBRUK OG BEITERETTAR

Det er inngått avtale om fråfall av beiterett. Innanfor LNF-områda kan grunneigar ta ut ved/tynne skog med tanke på utsikt. Området inngår i hyttesatsinga til Stryn kommune, og det er ikkje landbruksdrift av betydning i felta kring skisenteret lenger.

4.7 VERKNADER FOR NÆRINGSLIVET

Hyttebygginga i Stryn siste tiåra har resultert i mange arbeidsplassar innan byggenæringa, i tillegg til auka omsetning for butikk- og servicenæringa i Stryn. Dette gir svært stor verdiskaping i kommunen. Hydla 4 vil gi mange årsverk og bidreg til svært høg verdiskaping, samt å bygge opp under Stryn som hyttekommune.

4.8 NATURMANGFALD

Det er ikkje registrert sjeldne eller uønska artar innanfor planområdet, eller i nærliken (Naturbase). Planen viser blå-grøne korridørar mellom hyttetomtene, som bidreg til å halde ved like biotopar langs bekkane, og som gir livs- og ferdselkorridørar for dyr, insekt og plantar. I innspel til planen, vart det fremma forslag om å verne myrane langs Kyrkjeråsa for inngrep. Kyrkjeråsa er vist som FL-areal med

omsynssone (bevaring kulturmiljø) og forbod mot andre inngrep enn vegkryssinga. Denne omsynsona vil og verne naturverdiane nær Kyrkjeråsa mot inngrep.

4.8.1 NATURMANGFALDLOVA §§8 – 12

Vi har vurdert planen og ei realisering av den i samsvar med prinsipp for offentleg vedtak i forhold til:

§ 8 - Kunnskapsgrunnlaget

Planområdet ligg inn til eit turområde, på tidlegare skogsmark som vart nytta til beite og noko skogsdrift. Det går turvegar rundt planarealet, og Kyrkjeråsa delar planen i to delar. Området er mykje nytta som rekreasjonsareal, og kunnskapen om arealet er god. Offentlege kartbasar og lokalkunnskap utgjer nødvendig kunnskapsgrunnlag.

§ 9. Føre-var-prinsippet:

Det er ikkje vesentleg risiko for at planen resulterer i alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Føresegne til planen stiller krav om trygg handtering, dersom det vert avdekka sjeldne eller uønska artar.

§ 10 - Økosystemtilnærming og samla lastning:

Planen medfører delvis nedbygging av skogsareal for 61 tomter, men i sentrumsnært (ikkje «urørt») terren. Planen viser blågrøne korridorer gjennom hyttefeltet. Ei realisering av planen medfører ikkje vesentlege endringar i den totale lastninga.

§ 11 - Kostnadene ved forringa miljø skal berast av tiltakshavar:

Det er ikkje forventa at planen vil medføre forringa miljø.

§ 12. Forsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Utbygginga og bruken av hyttefeltet vil ikkje gjere unødig skade på miljøet. Det er stilt krav om sikringstiltak dersom anleggsarbeidet avdekker sjeldne eller uønska artar.

4.9 KLIMA OG MILJØ, FNs BÆREKRAFTMÅL

Planen skal ta omsyn til **FN sine berekraftmål**, ved at den bidreg til å redusere klimaendringar, konsekvensane av klimaendringar (Fns bærekraftmål pkt. 13), og stansar tap av artsmangfald (pkt. 15). Som nemnt over, er det ikkje registrert sjeldne arter innanfor, eller nær planområda.

Hyttefeltet ligg i ei «skål» i terrenget, og i le for vind frå vest og nord, og bygga er lite utsett med tanke på sterkt vind. Tidlegare i planomtala har vi dokumentert at styrtegn ikkje vil representere fare i feltet.

Det er også stilt krav om torvtak på hyttene i feltet, og dette bind CO₂.

Fritidsbustadar i området vert i hovudsak oppført i tre. Tre er eit naturmateriale basert på fornybart råstoff. Føreset ein at treprodukta kjem frå sertifisert og berekraftig forvalta skog har bruken av tre i hyttebygging lite negativ innverknad på miljøet. Tre gir godt inneklima og gjenvinning/gjenbruk er enkelt.

Framstilling av cement (som bestanddel i betong) fører til store CO₂-utslepp, mens bruken av betong i eit bygg fører til karbonatisering. Dvs. at den trekker til seg og lagrar CO₂, sakte men sikkert. Det er relativt lite bruk av betong i hyttene; stort sett berre som plate på mark. Betong vil ikkje føre til lokalt utslepp av CO₂.

Alle hyttene skal koplast til straumnettet, og kommunalt avløpsnett. Stryn kommune har peika på dette området som eit satsingsområde med tanke på hyttebygging. Det er etablert infrastruktur (veg, vatn, straum og avløp), og ei vidare konsentrert utbygging her i staden for å etablere nye hytteområde, er positivt for miljøet. Det er kort veg til Stryn sentrum, skisenter og klatrepark, og lite behov for å køyre langt med bil.

Planen tek omsyn til klimaendringar, men nybygg bidreg til ei viss grad til auka klimaendringar. Stryn kommune har peika på dette området i si satsing på hyttebygging, og konsentrert hyttebygging medfører mindre CO₂-utslepp enn spreidd hyttebygging.

5 PLANEN SITT FORHOLD TIL FØRINGAR OG INNSPEL

I dette kapittelet gjennomgår vi innspel til, og føringar for planarbeidet, og drøftar korleis planen svarar ut desse.

5.1 KOMMUNEDELPLAN OG ELDRE OMRÅDE- OG REGULERINGSPLANAR

Planen er utarbeida i samsvar med gjeldande KDP, og tilpassar seg eksisterande reguleringsplanar i nærliken. Planen overlappar planen for Hydla 3 i vest, men dette var planlagt, og stikkvegen (mot Hydla 4) var vist i eldre plan.

5.2 FØRINGAR FRÅ KOMMUNEN

Kommunen har ytra at tilkomsten til Hydla 4 må gå under ski-/turløypa, og planen viser denne løysinga. Administrasjonen ytra også at planen bør følgje opp hovudtrekka i overordna KDP og områdereguleringer, og vise løysingar angåande beiterettar, omsyn til biologisk mangfald, friluftsliv, trafikksikkerheit, flaumfare samt born og unge. Det vart vektlagt at planen skulle ta omsyn til kulturverdiane i, -og nær planområdet, og spesielt Kyrkjæråsa. Planen viser løysingar som tek omsyn til desse punkta.

5.3 PLANEN SITT FORHOLD TIL INNSPEL

I matrisa under listar vi innspela vi fekk etter at vi melde oppstart av planarbeidet, og drøftar planen sitt forhold til problemstillingane som blir reist.

Avsendar/innspel	Vår kommentar
<p>NVE (08.03.2021): Ber om at reell fare relatert til overvann, flaum, snøskred og steinsprang vert utgreia i planarbeidet. Ber om at klimaendringar sine verknader på avrenninga i planområdet vert avklart, inkludert kompenserande tiltak avhengig av behov. Minner om at tiltak i vassdrag kan utløyse konsesjonsplikt.</p>	<p>Planområdet er utgreia med tanke på flaum og skredfare av NGI i 2017, utan at dei avdekka alvorleg risiko. Planen dokumenterer at ekstremnedbør ikkje vil medføre flaum eller utgraving, sidan terrenget ovanfor er drenert mot Vikaelva.</p>
<p>Borghild Rake Hammer og Arne Hammer, eigar av gnr./bnr. 48/47 (14.03.2021): Ber om at planen for Hydla 4 legg til rette for at hytteeigedomane på Tverrfjellet får tilgang til heilårVeg. Påpeikar at vegen via Vinsrygg er smal og har dårlig kapasitet, -og er stengt i vinterhalvåret. Ber om at ein som ei minimumsløysing vurderer å legge ein parkeringsplass i sørleg del av tilkomstvegen i Hydla 4, -som ei mellombels løysing.</p>	<p>Kommunen har opplyst at dei skal greie ut eit mogleg vefsamband mellom skisenteret og Tverrfjellet. Grunneigar har stilt seg positiv til at denne vegen kryssar hans eigedom. I Hydla 4-planen er det lagt eit FL-område der denne vegen eventuelt vil kome.</p>
<p>Statsforvaltare i Vestland (15.03.2021): Ber om at tema som lista i «Fylkesmannen sine merknader til oppstart av reguleringsplanarbeid» datert 11.11.2015 vert drøfta. I tillegg nemner Statsforvaltaren særskilt at lysforureining og god terrengtilpassing må takast omsyn til i planlegginga.</p>	<p>Statsforvaltaren nemnar spesifikt lysforureining og terrengtilpassing i sitt brev, og legg ved eit skriv med mange tema som skal vurderast, dersom dei er relevante. Lista til Statsforvaltaren er gjennomgått, og aktuelle tema er drøfta i planomtalen. Føresegne stiller krav til utelys med tanke på å redusere lysforureining.</p>
<p>Styret for Bergsida grunneigarlag (15.03.2021): Viser til tidlegare kommunikasjon med Otto Vik (forslagsstillar), og ber om at det vert lagt til rette for ein heilårs tilkomstveg til Tverrfjellet. Grunneigarlaget legg ved førebels plan for ein slik veg som går litt innom plangrensa for Hydla 4. Dei håpar at planane kan tilpassast kvarandre.</p>	<p>Kommunen har opplyst at dei skal greie ut eit mogleg vefsamband mellom skisenteret og Tverrfjellet. Grunneigar har stilt seg positiv til at denne vegen kryssar hans eigedom. I Hydla 4-planen er det lagt eit FL-område der denne vegen eventuelt vil kome.</p>
<p>Vestland fylkeskommune (18.03.2021): Ber om føresegner i planen som bidreg til at materialbruk energiløysingar er mest mogeleg klimavennlege. Ber også om planen tek omsyn til kjende kulturverdiar (Kyrkjevegen og Kistesteinen) og eventuelle framtidig avdekka steingardar, bakkemurar, tufter og anna.</p>	<p>Føresegne stiller krav om torvtak, og alle tomtene vert knytt til el-anlegg, og offentleg avløp. Hyttene i området vert i hovudsak oppført i tre, som er eit miljøvenleg materiale. Det er stilt krav til dette i føresegne. Byggegrensa i KDP er lagt til grunn for LNF-arealet rundt Kyrkjeraåsa. Omsynssona rundt Kyrkjeraåsa er kopi av sona i KDP. Tilkomstvegen kryssar Kyrkjeraåsa i profil 350, og er lagt «etter terrenget» for å minimalisere skjering og fylling i</p>

<p>Seksjon for kulturarv i Vestland (kulturminnemynde) minner også om meldeplikta etter Kulturminnelova § 8, 2. ledd.</p>	<p>dette punktet (sjå kapittel 3.1). Kistestenen er vist på feil plass i kartet, då denne ligg utanfor planområdet (ligg på Hydla 3).</p>
<p>Fylkeskommunen minner også om at forslagsstillar må vurdere om planen kan ha innverknad på vassførekomstar.</p>	<p>Føresegnene stiller krav om stans i arbeidet, og varsling av kulturminne-mynde ved (eventuelle) funn av eventuelle <u>automatisk freda kulturminne</u>.</p>
<p>Mattilsynet, avd. Nordfjord: Minner om at Matlova stiller krav om at alle viser nødvendig aktsemd, og hindrar spreiling av planteskadegjerarar. Vidare at det vert teke omsyn til mogeleg overføringa v smitte på dyr, inkludert akvatiske dyr.</p>	<p>Føresegnene inneholder krav om at anleggsmaskinar skal vaskast og desinfiserast for å unngå smittespreiing i jord eller vatn.</p>
<p>Vigdis Wiik Jacobsen: Understrekjar kor viktig det er med god tilpassing mellom tilkomst til Hydla 4, og turvegar/lysløype. Og ber om at det vert god avstand mellom hyttetomtene og Kyrkjeraåsa.</p>	<p>Planen viser tilkomstveg i kulvert under skiløypa, slik at ski/tur-gåarane kan passere uhindra. Undergangen vert minst mogleg synleg i terrenget Tilkomstvegen gjennom feltet kryssar Kyrkjeraåsa «i terrenget», med minimale fyllingar og skjeringar, slik at det er lett å krysse vegen når ein går langs råsa.</p>
<p>Ber om at ein tek vare på myrane langs Kyrkjeraåsa, og mest mogeleg av den fine furuskogen i området.</p>	<p>Hyttetomtene er plasserte i samsvar med byggegrensa KDP. Kyrkjeraåsa (og ei buffersone med 23-50 meters breidd) er regulert til FL. Omsynsseta frå KDP (Kulturverdi) er vidareført, og dette vernar også småmyrar. Grunneigar ønskjer å spare fine furutre i hyttefeltet. Føresegnene forbyr fjerning av tre utanom hyttetomtene utan samtykke frå grunneigar.</p>
<p>Frank Tranvåg meiner at tilkomstvegen til Hydla 4 må kome før ein kører gjennom Hydla 1, då det allereie er stor trafikkbelastning på vegen gjennom Hydla 1. Å legge veg til 60 nye hytter gjennom Hydla 1 vil være ekstremt belastande for hytteeigarane i Hydla 1. Reknar med at tur og skiløypene ikkje vert berørt.</p>	<p>Kommunedelplanen for området viser tilkomst til Hydla 4 vest for Klatreparken. Sidan kommuneplanen vart utarbeidd i 2012 har det skjedd endringar som etablering av klatrepark og gapahuk i dette området. Det er i tillegg ein ski-/turløype og ei lysløype/skogsveg som kjem inn i same område, der ein må lage ein planfri undergang. Det er mykje som skjer i dette området og ein ny tilkomstveg vil ikkje være gunstig her. Vi har derfor vurdert at det, for alle partar, er eit betre alternativ at tilkomstvegen startar i grensa mellom Hydla 1 og 2. Uansett vert det kryssing av turløypa mot Ullsheim, men dette skal gjerast med ein undergang, slik at løypa går over bilvegen.</p>



Sigurd Lunde: fryktar at Hydla 3 skal fortettast med fleire hytter og at hovudinnfartsåra til Hydla 4 skal gå via Hydla 3.	Vi har i kommunikasjon med Lunde oppklart misforståinga om at Hydla 3 skal fortettast og at tilkomstvegen til Hydla 4 skal gå via Hydla 3. Det er ikkje tilfelle. 2 av tomtene i Hydla 4 får tilkomst via Hydla 3 fordi dei ligg slik til, topografisk, at det er naturleg.
-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

6 SLUTTKOMMENTAR

Planen legg til rette for hyttebygging sør for Hydlamyrene, og er i all hovudsak utarbeida i samsvar med innspel og føringar. Forslagsstillar har lagt stor vekt på god terrengtilpassing for vegsystemet, avrenning og tomteplassering. ROS-analysen og drøftingane i planomtalen, viser at planen kan gjennomførast utan at det medfører vesentlege verknader for samfunnsfunksjonar, naboar, naturverdiar, rekreasjonsinteresser eller kulturverdiar. For næringslivet i Stryn kommune har satsinga på hyttebygging hatt stor positiv verdi siste 20 åra, både i byggebransjen, for sentrumsfasilitetar og for lokale aktivitetstilbod. Kommunen ønskjer fortsatt satsing på hyttebygging i dette området, og har definert omfanget i KDP.

I Hydla hyttegrend har born og unge trygge og spennande omgjevnader med skogen, turløypene, skibakke og klatrepark like i nærleiken.

7 PROSESS ETTER HØYRINGSFRIST

Det kom inn mange merknadar til plassering av tilkomstvegen til Hydla 4.

Tilkomstvegen er i planframlegget plassert lengre vest enn i KDP. Dette førte til mange merknadar frå naboar som vert berørt av vegen. Vi såg det derfor som nødvendig å kalle inn dei ulike partane til synfaring for få fram dei ulike synspunkta i saka.

Hytteeigarane som var nøgde med plasseringa av tilkomsten hadde naturleg nok ikkje klaga. Det kunne derfor sjå ut som om hytteeigarane i si heilheit var motstandarar av forslaget til plassering av tilkomst til Hydla 4.

Innkomne merknadar er å lese i pkt 7.4 (kommunen sine generelle merknadar), 7.5 (Merknadar frå off. instansar) og 7.6 (Merknadar frå hytteeigarane).

Då høyringsfristen var ute, kalla vi inn kommunen og hytteeigarane som vert berørt av tilkomstvegen til synfaring/møte. Vi har også hatt møte med styret i hytteeigarforeininga, samt ei eiga synfaring med eigar av Hydlavegen 70. Resultatet er ei rekke med avbøtande tiltak for å betre situasjonen for eigedomane langs Hydlavegen i Hydla 1.

I etterkant av høyringa og prosessen med naboane, har vi hatt diskusjonar/møte med kommunen om formuleringar i føreseggnene og enkelte detaljar i utforminga av plankartet. Vi hadde 4 hovudproblemstillingar som vi har diskutert og blitt enige om:

1. Tal og type bygg på tomte
○ Kommunen ønska å ha med type bygg ein kan føre opp på tomta i tillegg til fritidsbustaden, samt storleik, antal og møne – og gesimshøgde. Teksten i føreseggnene er endra på dette punktet
2. Byggegrenser
○ Byggegrensene er justert litt i forhold til ønske frå kommunen og kva som er praktisk i forhold til utbygginga
3. Rekkefølgjekrav VA
○ Ingen endring
4. Fylling/skjering – utforming/høgde
○ Nokre tomter er svært bratte og har fått auka fyllingshøgde, men det er eit ønskje at både fyllingar og skjeringar vert lågast mogleg. Teksten i føreseggnene er endra på dette punktet.

7.1 SYNFARING

Dei fleste av naboane som møtte på synfaringa, var hytteeigarar som *ikkje* hadde kome med merknadar i høyringsperioden. Hydlavegen 52 hadde ikkje høve til å kome på synfaringa og har kome med merknad/e-post i ettertid.

Hydlavegen 52, 54, 56 og 64, samt 49 har uttalt at dei vil ha tilkomsten der den er foreslått i reguleringsplanen. For 52, 54 og 56 får alternativ 1 (KDP) negative konsekvensar. For Hydlavegen 70 får

alternativ 2 (Forslag i reguleringsplanen) negativ konsekvens. Dei andre som bur langs Hydlavegen mellom desse to alternativa, får litt auka trafikk, litt auka støy, litt auka støvplage osv.

7.2 MØTE MED HYTTEEIGARFOREININGA

I etterkant av synfaringa hadde vi møte med Hytteeigarforeninga med tanke på fartsreduksjon forbi Hydlaparken og vidare oppover i feltet. Det føreligg eit referat frå dette møtet.

Hytteeigarforeninga ønskjer ikkje fartshumper, men vil ha fleire skilt med oppmoding om 30 km/t. Dei vil rydde passasjane mellom nedre rekka av hyttetomter (sør for Hydlavegen) som fører ned til turvegen og oppmøde folk om å gå langs turvegen i staden for langs vegen. Dette er regulert tilkomst til turvegen, som hittil ikkje har vore i bruk. Desse tiltaka vil auke trafikktryggleiken.

7.3 SYNFARING MED HYDLAVEGEN 70

Denne eigedomen er den som er mest påverka av tilkomstvegen slik planforslaget viser. Det er laga ei avtale om avbøtande tiltak mellom anna støyvoll og legging av fast dekke på anleggsveg, signert av utbyggar og eigar av Hydlavegen 70.

7.4 GENERELLE PUNKT I PLANFRAMLEGGET SOM KOMMUNEN ØNSKJER UTBETRINGAR PÅ

- Planframlegget må vise eige areal til snøopplag. I føresegrne står det at områda VG skal nyttast til snøopplag, men vi meiner det er ikkje godt nok planlagd med plassering av snø der, i og med at dei fleste avsette områda for snøopplag ligg i sving og i kryss der frisksone går over VG-området. Bruk gjerne formålet andre anlegg, kode 1590 til område for snøopplag, der ein med føresegrn kan knyte snøopplag til formålet. Jfr. rettleiar kart- og planforskrifta, del 3.
https://www.regjeringen.no/contentassets/11a7466184f14ef6b254fe1495064054/veileder_kart_planforskriften_2018.pdf

VÅR KOMMENTAR: Det er lagt inn nye areal for snøopplag i planen. Desse områda har fått nye feltnamn, ASB.

- Sjølv om plankartet har ein vegplan som vedlegg, som veldig smått viser fylling og skjering, og at tomtekjøparar vert gjort merksame på i kjøpekontrakt at fyllingar/skjeringar kan gå inn på tomtane, så meiner vi likevel at sjølve plankartet skal vise kva areal som går med langs vegane til fyllingar og skjeringar i form av føremålet annan veggrunn. Plankartet blir med dette meir føreseieleg, og tomtestorleiken blir meir presis. Annan veggrunn og fritidsbustad er også to ulike formål.

VÅR KOMMENTAR: Fyllings- og skjæringsutslag er lagt inn i planen som «Annан veggrunn».

7.5 INNKOMNE MERKNADAR, DEL 1

Det kom inn 16 merknader i høyringsperioden.

Kommunen si vurdering om kva som treng gjerast med merknadane og planframlegget står under kvar enkelt merknad i *kursiv*. Våre merknadar under «Vår kommentar».

1. Brannsjefen, Stryn kommune, datert 10.06.21

Det er vinterbrøyta veg fram til alle hyttedører. I følgje VA-rammeplan er avstand mellom brannkummar større eller kva som anbefalt, men er likt med andre liknande hyttefelt. Brannberedskap i forhold til slokkevatn er tilstrekkeleg når vi tar med tankbilen som ein ressurs.

KOMMUNEN SI VURDERING:

Teke til etterretning

VÅR KOMMENTAR: Ingen endring på dette punktet.

2. NVE, datert 05.09.21

Dei føreset at løysingane for m.a. stikkrenner for overvatn vert dimensjonert for framtidig nedbørsauke, og at bekkane vert haldne opne. Rør og kulvertar som mindre bekkar må gjennom, utgjer kritiske punkt. Dersom kapasiteten er for liten, og/eller desse vert tetta igjen, kan flaumvatn ta nye vegar utanfor definerte løp og utgjere ein flaumfare. Det må gjerast ei konkret vurdering av dette før planen vert slutthandsama, dersom dette ikkje går fram av avrenningsplanen som det er vist til i føresegnene. Dersom kapasiteten er for liten, må de finne ut av kvar flaumvatnet tek vegen.

Planområdet ligg i aktsemdsområde for flaum. Dei kan ikkje sjå at flaumfaren er kartlagt nærrare, og det er ikkje avsett omsynssone for flaumfare. Flaumfaren må avklarast/kartleggast og flaumutsett areal må de markere med omsynssone H320 flaumfare. Viser til NVE retningsline nr 2/2011 (2014) og TEK 17 §7-2.

Kommunen er ansvarleg for at det ikkje vert gjeve byggjeløyve på grunn som ikkje er tilstrekkeleg trygg. Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje på siste plannivå. Jfr rundskriv H-5/18.

Dei kan ikkje sjå av plandokumenta at tryggleik knytt til flaumfare er avklart/tilstrekkeleg fagleg dokumentert. Før planframlegget vert slutthandsama av kommunen må flaumfaren vere avklart/kartlagd og evt. flaumutsett areal må vere innarbeidd i planen som omsynssone H320 med føresegner som krev at tryggleiksgrava i TEK 17 vert oppfylt. Dei gjer merksam på at planforslaget, slik det føreligg, kvalifiserer for motsegn grunna manglande avklaringar knytt til flaumfare.

KOMMUNEN SI VURDERING:

Rette opp planframlegget i høve til merknad frå NVE

**VÅR KOMMENTAR:**

Her har det vore ein dialog med NVE som viser at dei ikkje hadde fått/lese VA-rammeplan for prosjektet. Planen beskriv dei forholda som er etterlyst her. Vi har endra føremålet på arealet som er utsett for flaumfare (kalla «flaumveg» i VA-planen) til «H320». H320 viser eksisterande flaumutsett område. Så har vi lagt inn ein omsynssone «H410» som viser framtidig flaumveg. I føresegndene er det lagt inn eit rekkefølgjekrav om at det skal etablerast ny flaumveg (H410) før det kan setjast i gong tiltak på tomtene som ligg innanfor omsynssone flaum (H320).

Det skal dimensjonerast for 200-årsflaum.

Sjå reviderte føresegner. VA-rammeplanen er også revidert.

3. Mattilsynet, datert 06.09.21

Viser til innspel oppstartvarsel, datert 10.03.21 og har ikkje andre merknader til saka.

4. Vigdis Wiik Jacobsen, datert 07.09.21

Viser til innspel oppstart om **Kyrkjerasa**. Så vidt ho kan sjå er det lagt hyttetomter heilt inn til denne råsa og det er heller ikkje krav om avstand mellom hytte og rås. Før ein godkjenner denne planen vil det vere nyttig med ei synfaring for å sjå korleis enkelte av hyttene i Hydla 3 ligg kloss i denne råsa. Etter hennar syn er hyttene alt for nære. For hyttene i Hydla 4 kan ein trekke alle tomtene det gjeld lenger vekk frå råsa

slik at ein dermed regulerer avstand inn til denne. Det er Vært uheldig at det skal gå ein bilveg over Kyrkjerasa.

KOMMUNEN SI VURDERING:

Planframlegget har nytta linjene for omsynssone kulturmiljø som er nytta i vedteken KDP. Men ved dei tomtene der omsynssona tangerer formålslinja for fritidsbustader, må planframleggstillar trekkje formålslinja vekk slik at den ikkje tangerer linja for omsynssona

VÅR KOMMENTAR: Hyttetomtene er ikkje i konflikt med omsynssona i planforslaget, men av visuelle omsyn har vi trekt eigedomsgrensa litt lenger vekk i revidert planforslag.

5. Vestland fylkeskommune, datert 07.09.21**Vestland Fylkeskommune:****Klima og energi:**

Framtida sine energikjelder vil vere mangfold, ved å setje krav til elektrisitet bind ein opp til dagens løysingar og lukkar for alternative energikjelder. Ein bør derfor innarbeide tillating til alternative energikjelder i føresegndene.

Nasjonalt/regionalt mål er å elektrifisere bilparken. I føresegndene bør ein anten sette krav om fullstendig infrastruktur for lading av elbil, alternativt sette krav om at det elektriske anlegget må vere dimensjonert slik at ein seinare med enkle grep kan legge til rette for lading.

KOMMUNEN SI VURDERING:

Klima/energi: Planframleggstillar må vurdere utforming av føresegner på dette.

**VÅR KOMMENTAR:**

Her er vi veldig i stuss på kva Fylkeskommunen meiner. Her er ingen restriksjonar på bruk av energikjelder i vedtekten, så dermed er det i utgangspunktet «fritt fram». Men, etter diskusjon har vi kome fram til at alternative energikjelder som solceller, -fangarar og vindturbinar ikkje er ønskjeleg i hyttefeltet fordi det vert skjemmande. Dette er lagt til i vedtekten.

Utover dette er det opp til hytteeigarane å nytte den energikjelda dei måtte ønskje. Når det gjeld elektrisitet, så er det ikkje eit krav i føreseggnene at ein skal nytte den måten å fordele energien på i den enkelte hytte.

Det er pr i dag mogleg å legge inn lading i den enkelte hytte i eksisterande Hydla hyttegrend. Det vil også være slik i Hydla 4. Vi ser dermed ingen grunn til å endre vedtekten på dette punkt.

Nytt punkt i føreseggnene:

2.3 Energi: «*Det er høve til å velje alternative energikjelder, men ikkje solceller, solfangarar, vindturbinar eller andre tilsvarande installasjonar.*»

Vestland Fylkeskommune:**Overvatn:**

Stikkrenner og bekkar gjennom feltet skal dimensjonerast i tråd med avrenningsplan for feltet. Dei føreset at framtidig auke i nedbøren som følgje av klimaendringane vert inkludert i dimensjoneringsa.

KOMMUNEN SI VURDERING:

Overvatn:

Dette må takast omsyn til i VA-rammeplanen og VA-rammeplanen sendast så over til avdeling for kommunalteknikk for vurdering, når ein har «landa» trasè for tilkomstveg til Hydla 4.

VÅR KOMMENTAR:

VA-rammeplan tar høgde for klimaendringar. Det er lagt til nokre formuleringar i føreseggnene:

1.3 «*Grøfter, stikkrenner og andre opparbeida konstruksjonar som skal sikre avrenning i feltet, skal dimensjonerast for 200-års flaum med klimapåslag.*»

6. Statsforvaltaren i Vestland, datert 07.09.21

Føresegn §2.1: «*Entreprenør må legge fram plan for sikring av området før anleggsarbeidet startar. Planen skal vise akseptable forhold for naboar, born og rekreasjonsinteressene når det gjeld støy, støv og sikring av anleggsområda*»

Føresegna er uklar og gjev rom for tolking og usemje. Kommunen bør legge vekt på at føreseggnene er presise, og ikkje gjev rom diskusjon. Kven avgjer kva som er akseptable forhold for dei ulik naboane?

KOMMUNEN SI VURDERING:

Planframleggstillar må utforme føresegna §2.1 klarare. Jfr merknad nr 3

VÅR KOMMENTAR:

Føresegnene er endra på desse punkta og flytta til kapittel 7 Rekkjefølgjekrav:

7.1 Før igangsetjingsløyve:

Anleggsarbeid: «*Utbyggjar skal lage ein plan for handtering av støy i anleggsfasen før det vert gitt igangsetjingsløyve for veg- og VA-anlegget. Planen skal være i tråd med «Retningslinjer for støy (T-1442/2021)»*

Utbyggjar skal legge fram ein plan for handtering av støy i anleggsfasen før det vert gitt igangsetjingsløyve for veg- og VA-anlegget. Planen skal være i tråd med «Retningslinjer for behandling av luftforurensing i arealplanlegging (T-1520/2012)».

Statsforvaltaren:

Føresegn 2.5 og 3.2: Positivt at det er regulert lysbruk. Kommunen kan i tillegg vurdere å avgrense talet på utedlys på kvar bygning på dei respektive tomtene.

KOMMUNEN SI VURDERING:

Føresegn om lysbruk: Ta med: «Belysning på område rundt fritidsbustadane skal konsentrerast til inngangsparti og gangsone. Utelys skal ha timer og vere avskrudd på nattestid.» (jfr Tindegrenda og Setrevegen hyttegrend)

VÅR KOMMENTAR:

Føresegnene er endra (raud tekst). Bortsett frå «*Utelys skal ha timer og vere avskrudd på nattestid.*»

Vi meiner at det er uheldig at det ikkje skal være lys på seint på kveld/natt. Det hender at folk kjem seint fram til hytta, det hender at folk har vært «ute på byen» og kjem seint heim. Då må det være lys slik at folk finn fram utan å gjere skade på seg, for eksempel på glatta på vinterstid.

§1.4 (endra frå 2.5)

«Det skal ikkje etablerast gatelys eller lys på fellesområde. Det kan etablerast nødvendig lys på renovasjonsplass. Lyskjelda skal blendast nedover av ein reflektor eller av sjølv armaturen. Armaturen må bestå av eit ikkje transparent materiale.

Belysning på område rundt fritidsbustadane skal konsentrerast til inngangsparti og gangsone.»

Statsforvaltaren:

Kommunen kan presisere tydlegare kor mange bygg som kan setjast opp på kvar tomt. Dei rår til å styre storleiken gjennom fastsetting av samla bruksareal for kvar fritidsbustad i kvadratmeter (BRA), slik at det blir same storleiken på hyttene i området uavhengig av tomtestorleik. Tilsvaarande for tette flater på tomtene.

KOMMUNEN SI VURDERING:

Tydelegjere i føresegnene at to bygg kan setjast opp på kvar tomt, fritidsbustad og garasje, og at det er tillate med kun ei brukseining pr. tomt. Setje av maksimal storlek pr fritidsbustad slik som i Hydla 3, der talet er sett til 320 m² BRA.

VÅR KOMMENTAR:

% BRA er rettesnora for kor stor hytte ein kan bygge på den einskilde tomta. Vi har lagt til at det berre skal byggast ei bueining og at det er ein garasje som er inkludert i BRA i føreseggnene. Det må være lov å oppføre eit uthus, ei utesove/anneks innanfor same bueining på tomta, så lenge ein er innanfor bruksarealet. Vi har lagt til eit avsnitt om kva andre typar bygg som kan tillatast på tomta.

§2.2

Fritidsbustadane kan ha storleik inntil 25 % BRA pr. tomt inklusiv parkeringsareal, men likevel ikkje større enn 320 m² BRA. Mønehøgde målt frå overkant golv i 1. etasje kan vere 6,5 meter. Det kan byggast underetasje/kjellar. Gesimshøgde kan være 5,5 m frå gjennomsnittleg planert terreng. Ingen gavlvegg skal være høgare enn 6,5 m frå overkant golv, nedste plan, til møne.

Garasje, anneks og bod er inkludert i bruksarealet for fritidsbustaden. Garasje kan byggast i ein storleik på inntil 50 m², anneks inntil 25 m² og bod inntil 15 m² BRA . Dersom det er fleire bygg på tomta skal bygningane plasserast i tunform.

Frittståande bygg kan ha mønehøgde inntil 4 meter og gesimshøgde inntil 3 meter. Dei kan plasserast med ein avstand til tomtegrense mot veg på 2 meter og inntil 1 meter frå grense mot nabo.. Bygningane skal gjevast ei utforming som passar til hytta. Det er tillate med ei bueining på kvar tomt.

Statsforvaltaren:

Naturmangfold:

Det er vurdert at det ikkje er vesentleg risiko for at planen resulterer i alvorleg eller irreversibelt skade på naturmangfaldet, og vist til at føreseggnene til planane stiller krav om trygg handtering, dersom det vert avdekka sjeldne eller uønska artar. Dei kan ikkje sjå at planførere segnene har slike krav, men konstaterer at det er føringar knytt til at utstyr skal vaskast og desinfiserast mv.

KOMMUNEN SI VURDERING:

Utforme føreseggn om naturmangfold meir utfyllande i samsvar med merknad.

VÅR KOMMENTAR:

Føreseggnene er endra på dette punktet:

3.4 Anleggsarbeid

Anleggsutstyr skal vaskast og desinfiserast før utstyret blir frakta inn i planområdet for å unngå at skadelege plantar/artar spreiar seg. Dersom det vert oppdaga uønska artar skal utbyggjar sørge for å fjerne desse frå anlegget. Dersom det vert oppdaga sjeldne artar i området skal utbyggjar sørge for å skjerme desse frå anleggsarbeidet.

Statsforvaltaren:

Landskapsverknader og terrengrinningsrep:

Planframlegget legg til rette for Vært høg arealutnytting. Tomtene er i tillegg store og med høg utnyttingsgrad. Dei meiner landskapsverknadane av den omfattande utbygginga og terrenghendringane som planframlegget legg opp til, er underkommunisert i planframlegget. Det er ikkje tvil om at utbyggingar kan ha konsekvensar for ulike interesser.

**KOMMUNEN SI VURDERING:**

Når det gjeld landskapsverknader og terrengeinngrep så viser vi til vedteken KDP som viser at område for fritidsbustader er fastsett også i dette området.

VÅR KOMMENTAR:

Ingen endring på dette punktet

7.6 INNKOMNE MERKNADAR, DEL 2

- **Generelt**

Det er 9 naboar som har kome med merknadar til tilkomstvegen til Hydla 4 slik den er lagt i planforslaget. Vi har derfor laga ei felles oppsummering og Svar.

I forslaget til reguleringsplan for Hydla 4 er tilkomstvegen flytta 350 meter i forhold til kommuneplanen sitt forslag. Detaljprosjektering viser at det er utfordrande å få til tilkomsten der KDP foreslår. Vi meiner at det samla sett er ei betre løysing å flytte tilkomstvegen.


KDP vart vedteken i februar 2013.

Kartet under viser tilkomstveg til Hydla hyttegrend som den er teikna inn i KDP (kalla Alternativ 1). Krysset ligg 25 meter frå klatretårnet i Hydlaparken og skal krysse turløypa med ein undergang/kulvert.

Hydlavegen ligg høgare enn turløypa i krysningspunktet for alternativ 1. Tilkomstvegen skal gå *under* skiløypa. Topografien i området gjer at vegen ikkje kan senkast særlig mykje ned, men at skiløypa må løftast opp, for å få til ein god geometri.

Det er krav til 4,3 m netto høgde i kulverten pga. utrykkingskjøretøy og det betyr at vi må løfte skiløypa ca. 4,5 m med tilhøyrande ramper i kvar ende. Viss vi skal få dette til, må kryssinga være der det er markert med blå strek.

Det betyr at hytta i Hydlavegen 52 får turløypa rett framfor seg i same høgd, i tillegg får dei og hyttene i Hydlavegen 54 og 56 bilveg på begge sider av hyttene sine. Det er vanskeleg å skjerme desse hyttene med avbøtande tiltak då dei ligg tett inn på turløypa og eventuell tilkomst til Hydla 4.



På grunnlag av dette valde utbyggar å gå for tilkomst ca. 350 m lenger mot vest (kalla alternativ 2).





Dette fører til auka trafikk langs Hydlavegen i 350 m lengde og Hydlavegen 70 får krysset nord og vest for eigedomen sin.

Med avbøtande tiltak som for eksempel fartsdemping i Hydlavegen, støyvoll langs Hydlavegen 70 og diverse midlertidige tiltak i anleggsperioden, meiner vi at ulempene for hytteeigarane er mindre med dette alternativet enn med det alternativet som KDP legg opp til.

- **Innkomne merknadar og våre kommentarar**

Generelt ser det ut som ei misforståing om at vegen til Tverrfjellet skal gå gjennom Hydla 1. Dette er ikkje tilfelle. Det er diskutert ein trase til Tverrfjellet heilt sør i Hydla 4, men det er ikkje ein del av denne planprosessen. Det ligg utanfor utbyggars sitt ansvarsområde. Vi har derfor sett vekk frå merknadar i samband med veg til Tverrfjellet.

Frank Tranvåg, Hydlavegen 62:

- Auka trafikkbelastning for dei som har hytte i Hydla 1
- Trafikkfarleg for små born
- Auka støy
- Auka mengde støy
- Tilkomstvegen må flyttast dit den er teikna inn i KDP

KOMMENTAR: Vi meiner at denne eigedomen vil få eit betre alternativ ved å få all trafikken bak seg, framfor å få tilkomstvegen til Hydla 4 framfor hytta. Det er eit problem med støy, støy og trafikktryggleik i anleggsperioden spesielt, men også i samband med trafikk til hytteeigedomane langs Hydlavegen gjennom Hydla 1. Sjå eige avsnitt om avbøtande tiltak.

Magne Finsæter, Hydlavegen 64:

- Fartsgrensa må ned til 30 km/t i Hydlavegen
- Stille krav til anleggsarbeidet i høve støy, støy og sikring av anleggsområde

KOMMENTAR: Denne merknaden er trekt tilbake etter synfaringa. Vi meiner at denne eigedomen vil få eit betre alternativ ved å få all trafikken bak seg, framfor å få tilkomstvegen til Hydla 4 framfor hytta. Det er eit problem med støy, støy og trafikktryggleik i anleggsperioden spesielt, men også i samband med trafikk til hytteeigedomane langs Hydlavegen gjennom Hydla 1. Sjå eige avsnitt om avbøtande tiltak.

Leif Hatlø, Hydlavegen 70:

- Trafikkfarleg for ungar som leikar og folk som går langs vegen
- For mykje trafikk
- Tilkomstvegen må flyttast dit den er teikna inn i KDP

KOMMENTAR: Det er inngått avtale om støvvoll med denne grunneigaren. Det er i tillegg eit generelt problem med støv, støy og trafikktryggleik i anleggsperioden spesielt, men også i samband med trafikk til hytteeigedomane langs Hydlavegen gjennom Hydla 1. Sjå eige avsnitt om avbøtande tiltak.

Frank Bruland, Hydlavegen 69:

- Samd med nr 62 og 70

KOMMENTAR: Denne hytteeigedomen ligg nord for Hydlavegen og er utsett for støv, støy og trafikktryggleik i anleggsperioden spesielt, men også i samband med trafikk til hytteeigedomane langs Hydlavegen gjennom Hydla 1. Sjå eige avsnitt om avbøtande tiltak.

Paul Harald Leinebø, Hydlavegen 77

- Vurdere gangfelt langs Hydlavegen
- Trafikktryggleik

KOMMENTAR: Hydlavegen 77 ligg i god avstand frå tilkomstvegen og vil ikkje være direkte berørt av auka trafikk. Sjå kart. Sjå også eige avsnitt om avbøtande tiltak.

Kjellbjørn Kopperstad, Hydlavegen 100 (Hydla 2)

- Ber om at det blir sett krav til utelys for å hindre lysforureining i feltet

KOMMENTAR: det er eit eige punkt om lysforureining i føresegne. Dette er revidert i tråd med kommunen si vurdering.

Stig og Harald Endresen, Gjølmyra 8

- Vurdere å flytte tilkomstvegen må flyttast dit den er teikna inn i KDP
- Mellombels eller permanent tilkomstveg til Hydla 4 utanom Hydla 1
- Trafikktryggleik
- Støy
- Tidspunkt for anleggstrafikk
- Utbyggar bør koste leikeplassar og tilkomstvegar til turløypene

KOMMENTAR: Stig Endresen er leiar i Hytteeigarforeninga. Vi har hatt møte med styret og kome til semje om tiltak for å redusere fart, støy og støv. Gjølmyra 8 ligg i god avstand frå tilkomstvegen og vil ikkje være direkte berørt av auka trafikk. Sjå kart. Sjå eige avsnitt om avbøtande tiltak.

Knut Berge Eriksen, Hydlavegen 81

- Tilkomstvegen til Hydla 4 må ikkje gå gjennom Hydla 1.



KOMMENTAR: Hydlavegen 81 ligg i god avstand frå tilkomstvegen og vil ikkje være direkte berørt av auka trafikk. Sjå kart. Sjå også eige avsnitt om avbøtande tiltak.

Lodve Strandebø, Hydlavegen 57

- Tilkomstvegen må flyttast dit den er teikna inn i KDP
- Auka trafikk generelt
- Auka anleggstrafikk
- Auka støv og støyplager
- Trafikktryggleik

KOMMENTAR: Hydlavegen 57 ligg ikkje langs Hydlavegen (hovudvegen), men i rekka bak. Like ved alternativ 1/KDP avkjørsla. Vi meiner at eigedomen vil ha lik belastning enten tilkomsten vert lagt til Alternativ 1 eller 2. Sjå eige avsnitt om avbøtande tiltak.

7.7 AVBØTANDE TILTAK

Basert på møte og synfaring med naboar har vi laga forslag til avbøtande tiltak.

Det er ein klar samanheng mellom fart og antall ulykker, og ikkje minst kor alvorlege ulykkene er. Sannsynet for dødeleg skade er liten når farten er mindre enn 30 km/t, men risikoen auker betrakteleg når fartsnivået blir høyere. Å redusere fartsnivået er derfor det viktigaste tiltaket for å oppnå lågare risiko og skadegrad for mjuke trafikantar.

Lågare fart vil også bidra til redusert oppvirving av svevestøv og ha en positiv effekt på støy.

Det er behov for fartsdemping når fleire enn 15 prosent køyrer 5 km/t fortare enn fartsgrensa på strekninga. Der rettstrekningar er lenger enn 200–300 meter, vil ofte køyrefarten kunne bli høgare enn tillatt og det kan være behov for fartsdempande tiltak. Det er et solid erfaringsgrunnlag for at skilting av fartsgrensa ikkje er et tilstrekkeleg tiltak for å få trafikantar til å halde rett fart.

Vi må altså få ned farten. Hytteeigarforeninga er negative til fartshumper og vil prøve andre tiltak. Fartsdempande tiltak som er lagt inn her er i samråd med Hytteeigarforeninga.

- **Permanente tiltak:**
 - Skilting av 30 km/t ved Hydlastova (privat skilt)
 - Utsending av skriv om fart
 - Rydding og merking av tilkomst til turveg/skiløype mellom Hydlavegen og turvegen for å få folk til å gå langs turvegen i staden for langs vegen (hytteeigarforeninga)
 - Utsending av skriv om «Lov om helligdager og helligdagsfred» (hytteeigarforeninga)
 - Støyvoll langs Hydlavegen 70 (sjå eigen avtale)
 - Asfaltering av vegane i Hydla 4 når anleggsarbeidet er ferdig

- **Midlertidige tiltak (anleggsperiode/vegbygging):**

Entreprenør skal legge fram ein plan for korleis dei vil redusere støv og støy, samt sikre anleggsområdet og Hydlavegen mot uønska hendingar/ulykker.

Vi har laga følgjande forslag til tiltak.

Avbøtande tiltak støy:

Eksisterande hytter i Hydlavegen/Hydla 1 vil få auka støy i anleggsperioden for Hydla 4. Det skal byggast nye vegar og VA-ledningsnett i feltet og leggast til rette for utbygging av 60 nye hytter.

Det er lagt inn i føresagnene at: «*Utbyggjar skal lage ein plan for handtering av støy i anleggsfasen før det vert gitt igangsettingsløyve for veg- og VA-anlegget. Planen skal være i tråd med «Retningslinjer for støy (T-1442/2021)»* . Dette vil bli lagt inn i kontrakt med entreprenør.

Tiltak for å redusere støy kan være:

- Anleggsarbeidet er avgrensa til 07.00 – 17.00 mandag -fredag. Dette gjeld arbeidet som utbyggjar er anVarleg for. Arbeid på den enkelte tomta er den enkelte hyttebyggjar sitt anVar og Hytteeigarforeninga oppmodast om å etablere felles reglar for alle i feltet. Lov om helgedagsfred gjeld uansett. Det skal være stille søndag kl 00.00 til 24.00.
- Entreprenøren får krav om maks. fart 30 km/t langs Hydlavegen og i anleggsområdet
- Entreprenøren får krav om å unngå tomgangskøyring
- Skjerming av anleggsområdet: Faste vertikale flater, terrengformasjoner og vegetasjon vil kunne dempe støy.
 - hytter.
 - Trær og øvrig vegetasjon bevares i så stor grad som mulig.
 - Asfaltering eller fast dekke
- Tiltak på anleggsmaskiner og utstyr:
 - skjerma plassering av kompressor for å unngå støy

Det kan hende at desse retningslinjene må avvikast i enkeltoperasjonar. Dersom det er absolutt nødvendig, skal naboane varslast via Hytteeigarforeninga.

Avbøtande tiltak støv:

Støvkonsentrasjonen i anleggsområdet skal haldast så låg som mogleg gjennom anleggsfasen. Entreprenør skal legge fram ein plan for korleis dei vil redusere støv og støy, samt sikre anleggsområdet og Hydlavegen mot uønska hendingar/ulykker.

Dette både av omsyn til tilgrensande hytter, men også av omsyn til elektriske komponentar som kan være følsomme for støv.

Det vert lagt inn føresegnerne at: «*Utbyggjar skal legge fram ein plan for handtering av støv i anleggfasen før det vert gitt igangsetjingsløyve for veg- og VA-anlegget. Planen skal være i tråd med «Retningslinjer for behandling av luftforurensing i arealplanlegging (T-1520/2012)».*

Tiltak for å redusere støv kan være:

- Eventuell omlasting av masse må gjennomførast på dei plassar entreprenør finn eigna.
- Skjerming av anleggsområdet: Faste vertikale flater, terrengformasjonar og vegetasjon vil kunne fange opp støv.
 - Tre og annan vegetasjon skal stå i så stor grad som mogleg. Desse har eigenskapar til å fange opp svevestøv.
- Tiltak på veg i kryss mot Hydla 1:
 - Vegen frå krysset med Hydlavegen og ned til kulverten/kryssing av turveg, skal gjerast ferdig og asfalterast så snart som råd
 - God vegstandard og fast dekke vil lette vedlikehald og redusere faren for støvflukt.
- I periodar med støv kan også støvbinding nyttast i form av vatning eller salting.
- Det kan stillast krav til strøsand som nyttast i vintermånadane (Hydlavegen). Det kan brukast eit sterkt strømateriale for å motstå rask nedknusing, og strøsand med eit lågt finstofffinnhald. Kvaliteten på strøsand skal dokumenterast av entreprenør. OBS! Dette er Hytteeigarforeninga sitt ansvar, heimla i avtale.
- Tiltak på anleggsmaskiner og utstyr:
 - borerrigar skal ha ein støvsugar som samlar opp borestøv som minskar utslepp. Det skal leggast vekt på gode rutinar ved skifte av støvsugerposar for å unngå vidare spreiling.
 - Vatning ved bergboring kan nyttast for å redusere støvflukt.
 - Gode rutiner for reingjering av maskinar og utstyr på vaskeplass vil avgrense at steinstøv vert frakta vidare ut på veisystemet.
- Entreprenøren får krav om å unngå tomgangskøyring
- Transport av massar: Ved transport av massar med mykje finstoff skal det vurderast tildekking på lasteplan for å redusere støvspreiinga.